

NYE FØRDE SJUKEHUS

*Vedlegg 6 til forprosjektrapport
"Analyse av bereevne"*

November 2018

Vedlegg 10.7
Økonomiske vurderingar,
analyse og tabellar

2019-2030

HELSE FØRDE HF

Innhald

1. Innleiing	2
2. Metode	2
3. Samanheng frå godkjent investering i konseptfase til oppdatert tal i forprosjektet.....	3
4. Samanheng mellom resultatrekneskap og evne til investere	4
5. Investeringsplan 2019-2030	4
5.1. Investeringsplansplan 2019-2030	6
5.2. Finanisering av NFS.....	6
5.3. Nedbetaling av lånet	8
5.4. Rentesats	8
5.5. Prinsipp for aktivering / utgiftsføring av renter	8
5.6. Rekneskapsmessig påverknad på eksisterande investeringar	8
6. Føresetnader	9
6.1. Vekstføresetnader	9
6.2. Endringar i rammeføresetnader	9
7. Helse Førde si bereevne for perioden 2019-2030.....	10

1. Innleiing

Styret i Helse Vest RHF fastsette i desember 2015 kostnadsramme for NFS til 1,52 milliardar. I framlegg til statsbudsjett for 2019 ligg prosjektet no inne med ei samla låneramme på 1,125 milliardar, i 2017 kroner. Gjennom arbeid med forprosjektet og utvikling av bygningsmessige og tekniske løysingar er detaljnivået auka. Prosjektet er framleis kalkulert innanfor kostnadsramme gjeve i styrevedtak frå 2015.

2. Metode

For å vurdere Helse Førde si økonomiske bereevne er det teke utgangspunkt i langtidsbudsjettet for 2019 til 2023. Det er teke omsyn til kva for effekt investeringane får på framtidig resultatrekneskap. Kjende endringar frå då langtidsbudsjettet vart laga våren 2018 er oppdatert i tabellane.

Det har ikkje vore vesentlige endringar frå vurderingane gjort i konseptfasen og det som vart vurdert ved utarbeiding av siste langtidsbudsjettet. Den største forskjellen er at Helse Førde har fått eit resultatkrav på 36 millionar i budsjettperioden, medan ein i konseptfasen hadde sett føre seg eit noko lågare resultatkrav. I tillegg til at langtidsbudsjettet 2019 – 2023 er oppdatert, er tidshorizonten forlenga til 2030.

Tala som vert brukt i oppstillingane er no i 2018 kroner. Det er dermed ikkje teke inn framtidig løns- og prisvekst, då denne blir kompensert i dei årlege bevilgingane.

For å berekne framtidig investeringsevne er malen nedanfor brukt.

Kontantstram, investeringar	20xx
Resultat til styrking av finansieringsgrunnlaget	
+ Avskrivning	
+ Nedskrivning anleggsmidlar	
= Kontantstrøm fra driften	
- Resultatavvik førre år	
+ Opptak av nye lån	
- Avdrag lån	
- Tilførsel av likviditet til Helse Vest IKT	
+ Sal av anleggsmidler	
+ Gaver	
+/- Likviditet overført frå førre år	
+/- Likviditet overført til neste år	
+/- Avvik avskrivningar førre år	
+/- Betalingsforpliktingar frå tidlegare år	
+ Øyremerka tilskott	
Finansieringsgrunnlag investeringar	

3. Samanheng frå godkjent investering i konseptfase til oppdatert tal i forprosjektet.

Konseptfaserapporten hadde investeringbeløp på 1 545,9 millionar kroner (utan berekna byggelånsrenter på 84,8 millionar). Godkjent beløp var 1 520 millionar kroner.

3.dje kolonne i oppsillinga nedanfor viser dagens budsjett i 2015 kroner. Nedgangen i MTU frå konseptfase til forprosjekt kjem av at laust inventar no ligg i posten for bygg.

	Lånesøknad 2015 kroner	Godkjent 2015 kroner	okt.18 2015 kroner	okt.18 2018 kroner
Bygg	1 429,2		1 430,6	1 545,4
MTU	116,7		89,4	96,6
	1 545,9	1 520,0	1 520,0	1 642,0

Justring av låneramme og lån skjer med utgangspunkt i deflatoren i statsbudsjettet. For investeringsramme er det justering frå 2015 kroner då det er tidspunktet for kalkylane i konseptfasen. Lånet vert prisjustert med utgangspunkt i 2017 kroner då det er forutsetningen som ligg i statsbudsjettet for 2019. Nedanfor ser ein kva som er ramma for investeringa samt ramme for opptak lån i 2018 kroner markert med rød ramme.

JUSTERING INV.RAMME	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Rest investering år start	1 520,0	1 520,0	1 559,5	1 578,5	1 560,7	1 404,9
Justering i %		2,6	2,5	2,7	2,9	2,9
Justering i kroner		39,5	39,0	42,6	45,3	40,7
Brukt	-	-	20,0	60,4	201,1	364,0
Rest investering år slutt	1 520,0	1 559,5	1 578,5	1 560,7	1 404,9	1 081,6
TOTAL RAMME	1 520,0	1 559,5	1 598,5	1 641,1	1 686,4	1 727,1

JUSTERING LÅNERAMME	2017	2018	2019	2020
Lån	1 125,0	1 107,0	986,9	755,5
Justering i %		2,7	2,9	2,9
Justering i kroner		-	29,9	21,9
Utbetalt		18,0	150,0	50,0
Rest lån ved årets slutt	1 107,0	986,9	755,5	727,4
TOTALT LÅN	1 125,0	1 154,9	1 183,5	1 205,4

Tabell nedanfor syner at byggeperioden og investeringane er skyvd om lag to år.

	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027	SUM
Konseptfase	4 400	12 000	12 000	405 500	365 200	167 600	88 400	137 000	139 400	146 600	157 000			1 635 100
Investering langtidsbudsjett 2019-2023			27 700	64 300	235 800	327 000	286 500	210 500	186 500	172 500	94 100	37 100		1 642 000
Investering B4			20 000	60 432	201 001	363 963	256 097	204 934	173 269	167 888	82 795	66 000	45 621	1 642 000
Endring LB mot konseptfase	-4 400	-12 000	15 700	-341 200	-129 400	159 400	198 100	73 500	47 100	25 900	-62 900	37 100		6 900
Endring B4 mot langtidsbudsjett			-7 700	-3 868	-34 799	36 963	-30 403	-5 566	-13 231	-4 612	-11 305	28 900	45 621	0
Endring B4 mot konseptfase	-4 400	-12 000	8 000	-345 068	-164 199	196 363	167 697	67 934	33 869	21 288	-74 205	66 000	45 621	6 900

Følgjande er inkludert i prosjektkostnaden til NFS:

- Kostnader i samband med forprosjektet.
- Tomtekostnad for areal til psykiatribygg og for nybygg somatikk/operasjon.
- Kostnader i samband med rokkeringsareal i byggeperioden.
- Relevante kostnadselement i NS 3451/3453, på konto 01-10.
- Kostnader til medisin teknisk utstyr og laust inventar.
- Meirverdiavgift.

Kostnader til byggelån er ikkje inkludert i prosjektkostnaden, men er med i dei økonomiske oppstillingane for finansiering og langtidsplan.

4. Samanheng mellom resultatrekneskap og evne til investere

Utover lånemidlar er det føretaket si bereevne som avgrensar evna til å investere. Midlar til investeringar inngår som del av basisbevilginga og vert ikkje løyvd som øyremerka tilskot. Kostnadar som følgje av slitasje og elde på bygg og utstyr kjem fram som avskrivningar i føretaket sitt rekneskap, og reflekterer dermed investeringar gjort i tidlegare år. For å oppretthalde verdien på føretaket sine eigendelar, må dei årlege investeringane over tid vere lik dei årlege avskrivningane. Det er den samla kontantstraumen til Helse Førde som avgjer kor store investeringar føretaket har rom for.

Større prosjekt som NFS kan delvis lånefinansierast ved låneopptak gjennom Helse- og omsorgsdepartementet. Helseføretaka får lån på inntil 70 % av forventa prosjektkostnad basert på eksternt kvalitetssikra konseptplanar.

Styringssystemet for investeringar i helesføretaka bygger på ein kombinasjon av at føretaka er gitt utstrakte fullmakter på investeringsområdet, samstundes som det skjer ei oppfølging og styring på overordna nivå, slik at investeringane skjer i samsvar med overordna helsepolitiske mål og innfor aksepterte ressursrammer. For prosjekt over 500 millionar skal resultat og vurderingar etter avslutta konseptfase leggast fram for Helse og omsorgsdepartementet, saman med ekstern kvalitetssikring.

5. Investeringsplan 2019-2030

Investeringsplan under 5.1 bygger på langtidsbudsjett 2019-2023, vedteke i mai 2018. Tala er oppdatert med kjent informasjon pr. november 2018. Utover oppdatering av planar for NFS er det berre gjort mindre justeringar. Dei elementa som ligg inne i planen, er særskilt knytt til seks område:

- Nye Førde sjukehus (NFS)
- Arealplan Lærdal sjukhus (LSH)
- Byggteknisk infrastruktur og brannsikring
- Medisinsk teknisk utstyr (MTU)
- Ambulansar
- IKT-investeringar

Planen legg opp til investere for totalt 2 223,8 millionar i 12-årsperioden 2019-2030.

Nye Førde sjukehus (NFS)

NFS prosjektet omfattar både bygg, brukarutstyr, medisin teknisk utstyr (MTU) og andre mindre investeringar.

Arealplan LSH (Lærdal sjukehus)

Posten er prioritert med 19,4 millionar i planperioden og vil dekke nødvendige investeringar ved Lærdal sjukehus. I 2019 ønskjer ein å bruke midlane til å dialyse.

Byggeteknisk infrastruktur og brannsikring

Posten er prioritert med 172,2 millionar og skal dekke investeringsbehov som ikkje har egne postar i investeringsplanen. Prosjekt som er planlagt på kort sikt er solskjerming av høgblokka ved FSS og brannsikring av eldre bygg. I tillegg er midlane tenkt nytta til opprusting av tekniske anlegg, bilkjøp, senger og dyrare utstyr til matforsyning, som td. kokegryter.

Medisinsk teknisk utstyr (MTU)

Samla er MTU tilgodesett med 265 millionar i planperioden, utover 96,6 millionar planlagt i NFS. Det er planlagt å bruke minst 23 millionar årleg til føremålet, med unntak for 2020 då det er planlagt å bruke 20 millionar. Dei åra der vi har store MTU investeringar i samband med NFS, er andre MTU investeringar sett til minst 9 millionar årleg. Frå 2027 ser vi føre oss å bruke 35 millionar årleg til MTU.

IKT

Det er sett av 21,8 millionar til IKT-området i planperioden. Midlane er mellom anna for å implementere regionale prosjekt, slik at vi kan hente ut driftsmessige gevinstar frå desse prosjekta. Beløpa er auka noko tidleg i planperioden då prosjekt «Alle møter» treng investeringsmidlar i åra 2019-2021, for å få god effekt av prosjektet. Innanfor budsjett ligg og Helse Førde si satsning på telemedisin og bruk av videostudio for å effektivisere drifta.

Ambulanse

Ambulansetenesta har 29 bilar i operativ teneste. Ved bruk av ambulansar med tobårebilar har vi oppnådd å redusere vekst i køyrde kilometer. For å halde gjennomsnittleg kilometerlengde stabil, er det nødvendig med årleg utskifting av sju bilar.

5.1. Investeringsplansplan 2019-2030

Tabellen under syner dei planlagde investeringane fram til og med 2030. Tabellen bygger på langtidsbudsjett 2019-2023 vedteke i mai 2018. Tala er oppdatert med kjent informasjon pr. november 2018. Utover oppdatering av planar for NFS er det berre gjort mindre justeringar.

Investeringsplan for Helse Førde 2019-2030

Område	Investeringsområder														Sum 12 år 2019-2030	
		2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030		
Nybygg/ ombygging	Brannskring HF	1,0	1,0	1,0	1,0	1,0	1,0	1,0	1,0	1,0	1,0	1,0	1,0	1,0	1,0	12,0
	Bygg infrastruktur og funksjonsendring	5,7	7,1	7,1	14,6	14,6	14,6	14,6	14,6	14,6	14,6	14,6	14,6	14,6	14,6	160,2
	Ombyggingar pasientens helsestene	5,1														0,0
	Arealplan LSH	6,5	3,7	11,7	4,0											19,4
	MR Lærdal	9,7														0,0
	Bygg aust	3,5														0,0
	Nye Førde sjukehus - bygg og inventar	64,3	191,9	363,3	238,1	174,2	155,0	144,1	78,0	65,5	45,3					1 455,4
Nye Førde sjukehus - MTU			0,2	18,0	30,7	18,3	23,8	4,7	0,5	0,4					96,6	
Nye Førde sjukehus - renter byggelån		2,0	7,9	8,0	10,0	6,3	9,3	9,7	10,1	10,1					73,4	
Sum nybygg/ombyggingar	95,8	205,7	391,2	283,7	230,5	195,2	192,8	108,0	91,7	71,4	15,6	15,6	15,6	15,6	1 817,0	
Medisin teknisk utstyr	MTU	23,2	23,0	20,0	12,0	9,0	9,0	9,0	16,0	27,0	35,0	35,0	35,0	35,0	35,0	265,0
	Sum medisin teknisk utstyr	23,2	23,0	20,0	12,0	9,0	9,0	9,0	16,0	27,0	35,0	35,0	35,0	35,0	265,0	
IKT-investeringar	IKT infrastruktur	1,2	1,9	1,2	1,2	1,2	1,2	1,2	1,2	1,2	1,2	1,2	1,2	1,2	15,1	
	IKT utstyr	0,5	0,9	0,8	0,5	0,5	0,5	0,5	0,5	0,5	0,5	0,5	0,5	0,5	6,7	
	Sum IKT-investeringar	1,7	2,8	2,0	1,7	1,7	1,7	1,7	1,7	1,7	1,7	1,7	1,7	1,7	21,8	
Andre investeringar	Ambulansar	6,7	10,0	10,0	10,0	10,0	10,0	10,0	10,0	10,0	10,0	10,0	10,0	10,0	120,0	
	Sum andre investeringar	6,7	10,0	10,0	10,0	10,0	10,0	10,0	10,0	10,0	10,0	10,0	10,0	10,0	120,0	
Sum investeringar	127,4	241,5	423,2	307,4	251,2	215,9	213,5	135,7	130,4	118,1	62,3	62,3	62,3	2 223,8		
Finansiering																
Finansiering frå drift		82,5	86,9	85,4	89,4	99,5	108,5	122,6	136,0	145,4	166,9	153,7	153,8	153,9	1 502,0	
Lån NFS 70%		45,0	140,7	254,5	179,3	143,4	121,3	117,5	57,9	46,2	32,0				1 092,8	
Lån NFS renter byggelån		-0	2,0	7,9	8,0	10,0	6,3	9,3	9,7	10,1	10,1				73,4	
Avdrag NFS, annuitet 25 år					-10,2	-10,2	-10,2	-10,2	-10,2	-10,2	-10,2	-47,5	-47,5	-47,5	-213,6	
Sum finansieringsevne		127,4	229,6	347,7	266,5	242,8	226,0	239,3	193,4	191,5	198,8	106,2	106,3	106,4	2 454,6	
Differanse (finansieringsevne - finansieringsbehov)		0,0	-11,9	-75,5	-40,9	-8,4	10,1	25,8	57,7	61,1	80,7	43,9	44,0	44,1	230,8	
Saldo ufordelte investeringsmidlar		0,0	-11,9	-87,3	-128,2	-136,6	-126,5	-100,8	-43,0	18,1	98,8	142,7	186,7	230,8		

Tabell syner storleiken på investeringane Helse Førde skal gjere per år, fordelt på ulike områda. Byggjelånsrenter er lagt til med eiga linje for NFS, men elles er ikkje renter lagt inn i investeringssummane. Vidare synar tabellen finansieringsbehovet kvart år og korleis investeringane skal finansierast. Det er to måtar å finansiere dei årlege investeringane – ved hjelp av kontantstraumen frå drifta eller ved å ta opp lån. Nivået på låneopptaket i åra 2019 til 2027 er sett til 70 % av investeringa til NFS. I åra 2019 til 2022 er det lagt opp til høgare investeringar enn finansieringsevna tilseier. I planen legg Helse Førde til grunn at det gjennom dialog med Helse Vest RHF er mogleg å løyse denne utfordringa ved å få tilført likviditet frå det regionale helseføretaket, i form av eit kortsiktig lån, fram til 2024 når vi igjen har positiv «Saldo ufordelte investeringsmidlar». Positiv saldo frå og med året 2024 kan fordelast til investeringar eller til nedbetaling av lån, men ligg no inne planen som ein buffer.



5.2. Finansiering av NFS

Det er føresett at ein får låne 70% av investeringsbeløpet. Totalt investeringsbeløp er berekna til 1 642 millionar kroner. Renter som skal aktiverast er rekna til 73,4 millionar. Totalt er kostnaden for investeringa 1715,4 millionar. Lånebehovet er 70 % av dette og berekna til 1.200,8 millionar.

I statsbudsjettet for 2019 ligg prosjektet inne med ei samla låneramme på 1 125 millionar i 2017 kroner. 18 millionar vart løyvd i 2017, 150 millionar i 2018 og i framlegg til statsbudsjett for 2019 er det løyvd 260 millionar. Låna frå HOD vert utbetalt til Helse Vest RHF (HV). HV vert difor HF sin formelle långjevar.

NFS vert finansiert av lånemidlar frå Helse og omsorgsdepartementet (HOD) og eiga bereevne i byggeperioden. Lån frå HOD utgjer 70 %, medan 30 % vert finansiert av eiga bereevne i byggefasen. I perioden 2019-2022 er byggeaktiviteten høgare enn vi klarer å dekke med eiga bereevne. I desse åra vil vi difor midlertidig låne bereevne av HV, som vi gjev tilbake i perioden 2023-2025.

Denne planen for finansiering samsvarer med slik det var lagt til grunn i konseptfasen. I konseptfasen som låg til grunn for vedtaket til styret i HV i 2015, la HF til grunn at det gjennom dialog med Helse Vest RHF var mogleg å løyse for låg bereevne i åra 2017-2019, med eit likviditetslån. Det var då berekna eit lånebehov i form av eit kortsiktig lån fram til 2023. Beløp som var skissert i 2015, var i det høgaste året, 2019, på 139,2 millionar. Endringa frå konseptfase til no er at byggeperioden er skubba ut i tid. I tillegg er behov noko redusert frå 139,2 millionar til 136,6 millionar. Sjå tabellar under for rest bereevne pr. år og rest bereevne akkumulert, blå søyler gjeld konseptfase, oransje søyler gjeld forprosjekt:



Låna frå HOD vert utbetalt til Helse Vest RHF (HV). HV vert difor HF sin formelle långjevar. I statsbudsjettet for 2019 ligg prosjektet inne med ei samla låneramme på 1 125 millionar i 2017

kroner. 18 millionar vart løyvd i 2017, 150 millionar i 2018 og i framlegg til statsbudsjett for 2019 er det løyvd 260 millionar.

5.3. Nedbetaling av lånet

Lånet frå HOD¹ vert gjeve som byggelån i byggeperioden som vert konvertert til eit 25 års serielån når NFS prosjektet er ferdigstilt, då med unntak for lån som gjeld delprosjekt nytt psykiatribygg. Her vert lån konvertert til serielån når det vert teke i bruk i 2021. Rentesats for byggelån er lik rentesats i nedbetalingsperioden. Rente til byggelån vert ikkje betalt i byggeperioden, men vert tillagt lånet ved konvertering frå byggelån til serielån.

5.4. Rentesats

Rentesats for byggelån er lik rentesats i nedbetalingslån. Rente til byggelån vert ikkje betalt i byggeperioden, men vert tillagt lånet ved konvertering frå byggelån til serielån.

Det er brukt rentesatsar som vart sett av Helse Vest i langtidsbudsjettet for 2019-2023. Rentesatsen for 2023 er og brukt i åra 2024 til 2030.

	2019	2020	2021	2022	2023	2024-2030
Lånerente	1,70 %	1,90 %	2,10 %	2,30 %	2,50 %	2,50 %

5.5. Prinsipp for aktivering / utgiftsføring av renter

Renter som påløper i byggeperioden, blir lagt til investeringa og aktivert saman med denne. Når investeringa blir teke i bruk, blir lånet handsama som eit langsiktig lån og renta blir belasta resultatrekneskapen. Også byggelån på investeringar som er teke i bruk vert avsatt som kostnad.

5.6. Rekneskapsmessig påverknad på eksisterande investeringar

Ei gjennomgang av anleggsregisteret syner at verdien av installasjonar i bygg som blir påverka av ombygginga i 2018, er på om lag 25,9 millionar kroner. I 2025 er bokført verdi berekna til 11,8 millionar kroner. Sjølv om deler av utbyggingana NFS er ombygging og oppgradering av dagens bygningsmasse er det vurdert at ein ikkje treng å nedskrive eksisterande bokførte verdier.

¹ HOD: Helse- og omsorgsdepartementet

6. Føresetnader

6.1. Vekstføresetnader

Vekstføresetnadane i langtidsbudsjettet for Helse Førde for åra 2019 til 2023 er lagt til grunn i framskrivingane for åra 2024 til 2030. Tilnærminga er mellom anna valt fordi Helse Vest RHF ikkje har lagt opp til store endringar i rammefaktorane for Helse Førde.

6.2. Endringar i rammeføresetnader

Føretaket må ha fleksibilitet til å ta ei større auke i aktivitet, spesielt i åra 2024 til 2030. Årsaken er at vi må være forberedt på endringar i kommunane sin evne å oppfylle samhandlingsreforma og Helse Førde si eigendekning.

I framskriving av økonomien i Helse Førde har vi teke føresetnad om at kommunane klarer sine oppgåver, og at Helse Førde har ei eigendekning på same nivå som dei siste åra. Driftsendringar som påverkar driftsbudsjettet.

Ved vurdering av driftskostnadane til Helse Førde er det teke utgangspunkt i langtidsbudsjettet 2019-2023 som har føresetnad om utbygging av NFS. Langtidsbudsjettet vart godkjent i Helse Førde sitt styre 22. mai 2018.

Driftskonsekvensar av regionale og lokale prosjekt er teke inn med dei gevinsatane som ein forventar å hente ut. I tillegg er kostnadsreduksjonar ved å ta i bruk nye bygg teke med i langtidsbudsjettet og såleis teke omsyn til i berekningane.

Driftsendringar som følgje av NFS

NFS sine delprosjekt, som omfattar nybygg og opprusting av eksisterande bygningsmasse, vil gje enklare vareflyt, meir fleksible løysingar og nytt tidsriktig utstyr. Prosjektet gjev difor grunnlag for å vidareutvikle drifta ved Førde sentralsjukehus (FSS) slik at vi betre kan utnytte ressursane til dei tilsette og utnytte kapital investert i utstyr og i bygg. Prinsipp som er følgt i prosjektet er at areala vert utforma standardisert og med fleksible løysingar. Dette skal sikre at det er mogeleg å utvikle driftsmodellane ved FSS vidare etter innflytting, utan store kostnader til ombygging.

Det er driftslinja som skal ta ut nytteeffektar på pasientkvalitet, økonomi og trivsel. Prosjektet er derfor spissa i sin organisering der ansvaret for dette er tydeleg plassert i driftslinja. Med dette som utgangspunkt har driftsorganisasjonen ei viktig oppgåve knytt til å optimalisere dei ulike delprosjekta i samhandlingsfase med entreprenør. Før bygging av dei ulike delprosjekta kan starte, må aktuell driftsorganisasjon verifisere at løysingane gir rammevilkår som samsvarar med planar i det økonomiske langtidsbudsjettet.

7. Helse Førde si bereevne for perioden 2019-2030

Oppstilling over samla investeringer vises i tabellen nedanfor.

Område	Investeringsskildar	År													Sum 12 år 2019-2030	
		2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030		
Nybygg/ ombygging	Erstatning HP	1,0	1,0	1,0	1,0	1,0	1,0	1,0	1,0	1,0	1,0	1,0	1,0	1,0	1,0	12,0
	Bygg infrastruktur og funksjonsendring	5,7	7,1	7,1	14,6	14,6	14,6	14,6	14,6	14,6	14,6	14,6	14,6	14,6	14,6	160,2
	Ombygging av pasientens belokningsstasjon	5,1														0,0
	Arbeidplan LSH	6,5	3,7		11,7	4,0										19,4
	MR Lærdal	9,7														0,0
	Bygg øst	3,5														0,0
	Nye Førde sjukhus - bygg og inventar	64,3	130,0	163,3	238,1	174,2	155,0	144,1	76,0	85,5	48,3					1 455,4
	Nye Førde sjukhus - MTU	0,2	18,0	30,7	18,3	23,8	4,7	0,5	0,4							96,6
	Nye Førde sjukhus - røntgen bygg og		2,0	7,0	8,0	10,0	6,3	9,3	9,7	10,1	10,1					73,4
	Sum nybygg/ombyggingar	95,8	208,7	391,2	281,7	230,5	192,2	192,8	108,0	91,7	71,4	15,6	15,6	15,6	15,6	1 817,0
Medisin teknisk utstyr	MTU	23,2	23,0	20,0	12,0	9,0	9,0	9,0	16,0	27,0	35,0	35,0	35,0	35,0	35,0	265,0
	Sum medisin teknisk utstyr	23,2	23,0	20,0	12,0	9,0	9,0	9,0	16,0	27,0	35,0	35,0	35,0	35,0	265,0	
IKT-investeringar	IKT infrastruktur	1,2	1,0	1,2	1,2	1,2	1,2	1,2	1,2	1,2	1,2	1,2	1,2	1,2	1,2	15,1
	IKT utstyr	0,5	0,5	0,5	0,5	0,5	0,5	0,5	0,5	0,5	0,5	0,5	0,5	0,5	0,5	6,7
Sum IKT-investeringar	1,7	1,5	1,7	1,7	1,7	1,7	1,7	1,7	1,7	1,7	1,7	1,7	1,7	1,7	21,8	
Andre investeringar	Ambulansar	6,7	10,0	10,0	10,0	10,0	10,0	10,0	10,0	10,0	10,0	10,0	10,0	10,0	10,0	120,0
	Sum andre investeringar	6,7	10,0	10,0	10,0	10,0	10,0	10,0	10,0	10,0	10,0	10,0	10,0	10,0	120,0	
Sum investeringar	127,4	241,5	423,2	307,4	251,2	215,9	213,5	135,7	130,4	118,1	62,3	62,3	62,3	62,3	2 223,8	

Oppdatert langtidsbudsjett vises i tabellen nedanfor.


Resultatbudsjett (beløp i heile tusen)	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Basisramme	1 925 624	1 925 624	1 925 624	1 925 624	1 925 624	1 925 624
ISF eigne pasientar (inkl. kostn.krev. legem. utenf. sjukeh.)	646 799	646 799	646 799	646 799	646 799	646 799
Gjestepasientar	21 123	21 123	21 123	21 123	21 123	21 123
Polikliniske inntekter	30 416	30 416	30 416	30 416	30 416	30 416
Øymerke tilskott	27 322	27 322	27 322	27 322	27 322	27 322
Andre driftsinntekter	153 856	153 856	153 856	153 856	153 856	153 856
Sum driftsinntekter	2 805 139	2 805 139	2 805 139	2 805 139	2 805 139	2 805 139
Kjøp av helsetenester	164 800	173 100	173 100	168 876	159 300	159 300
Varekostnader knytta til aktiviteten i føretaksgruppa	288 445	281 517	286 245	286 245	286 245	286 245
Innleigd arbeidskraft - del av kto 468	14 183	14 018	13 867	13 782	13 571	13 385
Lønn til fast tilsette	1 309 339	1 299 081	1 298 310	1 298 111	1 290 178	1 288 536
Overtid og ekstrahjelp	84 945	82 180	81 871	81 194	80 383	79 097
Pensjon inkl arbeidsgiveravgift	260 848	260 848	260 848	260 848	260 848	260 848
Offentlige tilskudd og refusjonar vedr arbeidskraft	-54 107	-54 107	-54 107	-54 107	-54 107	-54 107
Annen lønn	199 588	198 487	197 233	196 730	195 948	195 050
Avskrivningar	76 000	76 000	73 791	86 142	87 279	109 975
Nedskrivning	0	828	176	-207	5 866	-3 545
Andre driftskostnader	430 497	433 738	434 507	433 688	436 428	435 708
Sum driftskostnader	2 774 539	2 765 691	2 765 842	2 771 303	2 761 940	2 770 493
Driftsresultat	30 600	39 448	39 297	33 836	43 199	34 646
Finansinntekter	1 400	1 400	1 400	1 400	1 400	1 400
Finanskostnader	4 000	4 848	4 697	7 236	8 599	16 046
Finansresultat	-2 600	-3 448	-3 297	-5 836	-7 199	-14 646
Resultat til styrking av finansieringsgrunnlaget	28 000	36 000	36 000	28 000	36 000	20 000

2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030
1 925 624	1 925 624	1 925 624	1 925 624	1 925 624	1 925 624	1 925 624
646 799	646 799	646 799	646 799	646 799	646 799	646 799
21 123	21 123	21 123	21 123	21 123	21 123	21 123
30 416	30 416	30 416	30 416	30 416	30 416	30 416
27 322	27 322	27 322	27 322	27 322	27 322	27 322
153 856	153 856	153 856	153 856	153 856	153 856	153 856
2 805 139	2 805 139	2 805 139	2 805 139	2 805 139	2 805 139	2 805 139
159 300	157 300	155 300	153 800	152 800	152 800	152 800
283 876	283 876	283 876	283 876	283 876	283 876	283 876
13 385	13 385	13 385	13 385	13 385	13 385	13 385
1 282 536	1 275 536	1 270 801	1 265 301	1 265 189	1 265 189	1 265 189
77 097	75 097	74 097	73 097	73 097	73 097	73 097
260 848	260 848	260 848	260 848	260 848	260 848	260 848
-54 107	-54 107	-54 107	-54 107	-54 107	-54 107	-54 107
194 050	192 276	191 276	189 648	189 648	189 648	189 648
117 956	125 367	128 758	126 660	133 709	133 809	133 909
392	-139	311	143	6	6	6
435 708	435 708	435 708	435 708	435 708	435 708	435 708
2 771 042	2 765 148	2 760 254	2 748 360	2 754 160	2 754 260	2 754 360
34 097	39 991	44 885	56 779	50 979	50 879	50 779
1 400	1 400	1 400	1 400	1 400	1 400	1 400
15 497	17 391	18 285	18 179	29 379	29 279	29 179
-14 097	-15 991	-16 885	-16 779	-27 979	-27 879	-27 779
20 000	24 000	28 000	40 000	23 000	23 000	23 000

Resultat til styrking av finansiering varierer frå år til år. År der ein har stor auke i avskrivningar og finanskostnader er resultat lågare. På denne måten vert innsparinga i drifta jamnare. Oppstillinga i tabellen nedanfor viser kor stor innsparing ein skal ha frå år til år. Det er samanlikning i tal frå konseptfasen, langtidsbudsjettet for 2019-2023 og oppdaterte tal i forprosjektet. Det vert lagt opp til innsparing etter kvart ein startar bruken av nye lokaler.

	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030
Konseptfase	8 933	7 457	6 445	2 947	3 825	3 952	4 097	5 100	1 958	1 959	1 961	1 963
LB 2019-2023	9 676	-3 012	6 507	16 573	4 732	11 369	12 774	8 735	9 628	1 112	0	0
Forprosjekt	8 848	-2 360	6 890	10 500	14 143	7 432	13 305	8 285	9 796	1 249	0	0

Tabell syner innsparing kvart år satt opp grafisk.



NFS prosjektet si økonomiske levetid er sett til 26 år, som er den berekna gjennomsnittleg avskrivningstida for investeringane. Bygningskroppane avskrivast over 60 år, medan tak, innreiing, inventar, IKT-utstyr, programvare og MTU har kortare tid for avskrivning.

Samla syner tabellane at Helse Førde vil ha økonomisk bereevne til investeringa på 1 642 millionar i NFS og dei andre planlagde investeringane i langtidsbudsjettet. Utover dette har vi ei rest bereevne på 231 millionar i perioden 2019 til og med 2030. Eit betre rekneskapsresultat enn berekna vil ytterlegare forbetre evna til å investere i perioden.

Utbyggingskostnadene er høgare enn dei økonomiske gevinstane ved gjennomføring av prosjektet. Prosjektet har soleis ikkje full bereevne i seg sjølv, men er prioritert av andre omsyn enn bereevna prosjektet i seg sjølv genererer.